

# MARIA NEPOMUCENO – AFETOSYNTESIS

KUNSTHUSET KABUSO 23.09 - 17.12 2017

Den brasilianske kunstnaren Maria Nepomuceno (1976-) lagar fargerike og forførande skulpturar. Tau og perler er dei gjennomgåande materiala saman med fletta strå, keramiske element og kvardagslege objekt. Med desse kjende og overraskande materialane skapar ho skulpturar kor dei vert brukte på nye måtar. I Kabuso kan ein oppleve seks større vegg- og golvbaserte skulpturar og installasjonar frå dei siste ti åra. Utstillinga vert presentert i samarbeid med Stavanger kunstmuseum.

Skulpturane til Nepomuceno liknar ikkje noko bestemt. Kunstnaren inviterer oss til å bruke fantasien når me ser på skulpturane. Dei har delvis vakse fram intuitivt. Materialane har fått vere med å styre korleis skulpturane skulle utvikle seg. Til dømes vert tauet kveila i ein spiralform og sydd saman med fiskesnøre. Spiralane er gjerne opne i begge endar. Tradisjonelt har spiralen fått mange symbolske tydingar alt ifrå eit teikn på det uendelege til inngangen til dødsriket. Ein finn spiralen igjen i mange fenomen i naturen – sniglehus, virvelvind, øyret og galaksen Mjølkevegen. Kunstnaren har likevel nokre tankar kring dei materialane ho nyttar. Tauet knyter ho til navlestrengen og koplingane mellom menneska, medan perlene er celler, stråa er hud og keramikken kjøtt. Slik minner skulpturane om levande vesen. Dei kroppslege referansane er tydeleg til stades.

Dei sentrale materiala i all kunst av Nepomuceno er tau og perler. Begge materialane har vore nytta så lenge sivilisasjonen har eksistert, og har lange tradisjonar for bruk i Hardanger. Medan tau er eit tydeleg nyttereiskap (pyramidane i Egypt kunne aldri vore bygd utan tau og båtane ville vore hjelpelause utan), har perler ein meir dekorativ funksjon. Verdien var den menneska gav dei, frå mynteining til vern og kommunikasjon. I Hardanger har perlene ein sentral plass i bringekluten og beltet i den lokale bunaden. Nepomuceno trekk fram materialar frå den brasilianske tradisjonen, men dei viser seg å ha lokale tradisjonar over heile verda.

Eit av verka i utstillinga identifiserer me umiddelbart som ei hengekøye. Hengekøya koplur ein som regel til ein stad for kvile og ro. Møbelet stammar opphavleg frå urfolket i Sør-Amerika og er kanskje den viktigaste eigendelen deira. Hengekøya har i fleire hundreår vore staden for soving, eting, fødsel, elskov og død, og den har sine praktiske kvalitetar i å vere staden kor ein er beskytta mot krypdyr og insekt. Nepomuceno sine hengekøyer står fram som dekorative. Dei har ikkje lenger ein klar funksjon. Det er til dømes fleire hol i ho. Tau og perler dannar nye koplingar og mønster.

Ein kan og kjenne att kvardagslege objekt i kunstverka. I eit av verka er eit middagsbord blitt del av installasjonen. Me kjenner igjen bordet, men slik me møter det, kan det verken nyttast til måltid eller andre aktivitetar. Det har vorte invadert av noko som kan minna om armar frå eit ikkje-gjenkjenneleg vesen. Bordet har mista funksjonen sin, og kva er det då? Er det framleis eit bord? Det same gjeld avløpsrøyra i ein annan skulptur, som er omringa av vakre perler. Objektet vert teken ut av samanhengen og må verta del av ein ny.

Nepomuceno arbeider bevisst med storleik og farger. Dei gigantiske perlene kan minne oss om dei ulike nivåa og perspektiva i verda. Kontrasten mellom dei ulike storleikane er så insisterande at ein ikkje kan sjå vekk frå dei. Fargene i perlene og taua vert nytta bevisst som ein del av ein større heilskap.

Innanfor brasiliansk samtidskunst plasserer Nepomuceno seg i forlenginga av ein tradisjon som dyrkar den subjektive og organiske kunsten. Retninga vart kalla *neo-konkretisme* og oppstod rundt 1960. Medan mange andre kunstnarar frå hennar kontinent i dag veljer å rette blikket ut mot verda, vender Nepomuceno seg innover og søker seg mot røtene sine, regnskogen og folka som bur der. Ho har og ei tydeleg kopling til retninga *anti-skulptur*, kor prosessen er i fokus, ikkje berre det ferdig resultatet.

Nepomuceno skapar ikkje verka sine i einsemd. Ho oppsøker kunnskap hjå ulike grupper – å fletta i strå har ho lært seg av ei gruppe kvinner nord i Brasil. Men ho har og utfordra dei som kan handverket. Kan ein klara å gjere noko ein ikkje trudde var mogeleg? Slik vert skaparprosessen ei gjensidig utveksling av kunnskap og erfaring. Det ligg særst mange timars arbeid i verka og det store formatet Nepomuceno jobbar i, hadde ikkje vore mogeleg om det ikkje hadde vore for at dei vart til i eit fellesskap. Den kollektive skaparprosessen er og heilt grunnleggande for mange handverk. For Nepomuceno ligg det ein stor verdi i at det er lagt ned mange timars arbeid fordelt på mange menneskjer i verka hennar. Det er ei viktig motvekt til ei individprega samtid og framhevar ein viktig verdi mellom urfolket – gruppekjensla.

Tittelen på utstillinga – *Afetosyntesis* er eit konstruert ord. *Afeto* tyder på portugisisk hengiving eller kjærleik, medan *syntesis* er det same som syntese eller koplingar. Nepomuceno spelar på ordet fotosyntese, som skildrar korleis plantar omdannar lys til oksygen. På den måten vil Nepomuceno få oss til å sjå kor viktig kjærleiken er i liva våre. Utan den kan me ikkje leve, slik me ikkje kan leva utan luft. Fargane, formene og teksturane i Nepomuceno sine skulpturar inviterer til ei sanseleg oppleving.

Det herskar ei ro over skulpturane. Materialane gir eit mjukt inntrykk. Dei har funne seg til rette og utstrålar kvile. Nepomuceno sjølv ynskjer at me tek ei pause frå den verkelege verda. Ho tilbyr oss eit rom og tid, men og høve til å reflektere kring bruken av tid: Kor mykje tid ligg det i desse kunstverka? Kva nyttar me tida vår til? Nyttar me ho til noko som gir meining og glede?

*The Pearl, the Bamboo and the Straw, 2014*  
Bambusstige, perler og fletta strå

*Untitled, 2013*  
Tau, perler, keramikk, glasfiber og harpiks

*Untitled, 2010*  
Perler og tau

*Untitled, 2011*  
Bord, tau, perler, glasfiber, harpiks og keramikk

*Superflux 2, 2007*  
Sydd tau

*Untitled, 2013*  
Tau, perler, keramikk, glasfiber, fletta strå, avløpsrøyr og harpiks